



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 17/10325-7 22.07.2019

Varsel om motsegn – Reguleringsplan for Fossesjøen – gnr. 25 bnr. 161, 167 m.fl. – Meland kommune

Vi viser til brev motteke 31.05.2019, om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fossesjøen, gnr. 25 bnr. 161, 167 m.fl. i Meland kommune. Høyringsfrist var sett til 09.07.2019, men vi har fått utsett frist til 23.07.2019 for uttale i saka.

Statens vegvesen vurderer at våre interesser ikkje er ivaretekne i planen slik den ligg føre i planframlegget. Rekkefølgjekrava i reguleringsplanen ivaretek ikkje trafikktryggleiken i stor nok grad, verken for born på skuleveg eller for biltrafikken. Vår motsegn er knytt til vår rolle som statleg fagmynde med sektoransvar for trafikktryggleik og framkomst.

Om planen og arbeidet

Føremålet med reguleringsarbeidet er å leggje til rette for bustader innanfor planområdet, i tillegg til naustbygging mot Krossnessundet.

Planområdet ligg om lag 1 km nord for Frekhaug i Meland kommune. Sørlege delar av planområdet inneheld i dag spreidde einbustader, medan den nordlege delen inneheld ubygd grøntområde med skog. Det meste av området er i kommuneplanens arealdel avsett til bustadføremål. Området langs strandsona frå Krossnessundbrua og nordover er avsett til naust.

Vår rolle

Statens vegvesen skal sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. I denne planen uttaler vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport, deriblant trafikktryggleik, og som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Om trygg skuleveg

I føresegner til kommuneplanens arealdel for Meland kommune, § 1.5.4, tredje kulepunkt, står det:

«For område avsett til framtidig bygg og anlegg kan det ikkje gjevast bruksløyve til bustader før:

- *Fortau/bilfri gang- og sykkelveg til næraste skule er opparbeidd.»*

Ved varsel om oppstart la også Statens vegvesen vekt på at planforslaget måtte vise løysing for trygg skuleveg.

Forslagsstiller har utarbeidd notat om løysing for trygg skuleveg frå planområdet til næraste skule, Sagstad skule, datert 17.01.2019. Dei legg fram forslag om 3 byggjetrinn, med ulike løysingar for skuleveg:

- Byggjetrinn 1: Bruksløyve for inntil 50 bustader. Bustølvegen skal nyttast som del av skulevegen, med krav om mindre tiltak.
- Byggjetrinn 2: Bruksløyve frå bustad 50 til 100. Fortau langs Sagstadvegen skal vere etablert.
- Byggjetrinn 3: Ved fleire enn 100 bustader. Det skal vere opparbeidd gang- og sykkelveg mellom Langelandskogen/Frekhaug og Fosse/Fossesjøen.

Etter vår vurdering kan Bustølvegen ikkje reknast som skuleveg for born frå Fossesjøen. Det vert ein vesentleg omveg for skuleborna, og vi ser det som lite sannsynleg at dei vil velje å gå der. Erfaringsmessig vel dei kortaste veg, som i dette tilfelle er langs fv. 244 Sagstadvegen. Slik tilhøva er langs fv. 244 i dag, kan ikkje Statens vegvesen akseptere at fleire skuleborn skal få denne vegen som sin naturlege skuleveg. Løysinga vil mest sannsynleg også medføre auka biltrafikk på fv. 244, ved at skuleborn vert køyrd. Dette vil redusere tryggleiken til dei mjuke trafikantane som allereie ferdast langs vegen. Statens vegvesen krevjer difor at rekkefølgjekrava vert endra, slik at trygt tilbod langs fv. 244 skal vere etablert før igangsetjing av tiltak i bustadområda. Vi varslar motsegn til dette punktet.

Statens vegvesen har utarbeidd framlegg til reguleringsplan for Frekhaugkrysset og del av fv. 244. Denne planen ligg til offentleg ettersyn, med merknadsfrist 02.09.2019. I planframlegget vert det regulert gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen. Føresegna om fortau langs fv. 244 i byggjetrinn 2 bør difor endrast til «*trygt tilbod for gåande og syklande*», slik at ikkje føresegna avgrensar handlingsrommet i seinare faser.

Dei seinare åra har det vore fleire saker knytt til utvikling i Frekhaug–Sagstad–området, der Statens vegvesen har krevd rekkefølgjekrav om trygt tilbod for gåande og syklande langs fv. 244. Dette er difor ei kjend problemstilling for kommunen. Statens vegvesen meiner det er uheldig at Meland kommune likevel fremjar planforslag som ikkje i tilstrekkeleg grad ivaretek grunnleggjande trafikktryggleik for skuleborna.

Om kryss mellom fv. 564 og fv. 245, samt trafikksikring langs fv. 245 Ådlandsvegen
I føresegner til kommuneplanens arealdel for Meland kommune, § 1.5.6, første og andre kulepunkt, står det:

«Område med særskilt rekkefølge, jf. Pbl § 11-9 nr. 4:

- *For framtidig og noverande, ikkje utbygde område for bygg og anlegg Fosse – Håtuft – Ådland, må nytt kryss ved Krossnessundbrua vere etablert før det kan gjevast bruksløyve for nye tiltak.*
- *For framtidig og noverande, ikkje utbygde områder for bygg og anlegg Fosse – Håtuft – Ådland, må trafikksikringstiltak langs FV 245 vere gjennomført før det kan gjevast byggjeløyve for nye tiltak.»*

Som tidlegare nemnd, har forslagsstillar lagt fram forslag om 3 byggjetrinn for bustadbygginga.

- I byggjetrinn 1 skal Fossekrysset vere opparbeidd i samsvar med vedlegg 1 i rapporten, som viser mindre fortaustiltak langs nederste del av Fossevegen, samt mindre tiltak i kryssingspunktet over fv. 245. Tiltaka er ikkje klart definert i plandokumenta.
- I byggjetrinn 2, som gjeld frå bustad 50 til 100, skal Fossekrysset vere opparbeidd i samsvar med reguleringsplan for fv. 245 Fosse-Moldekleiv.
- I byggjetrinn 3, ved bygging utover bustad 100, skal det vere opparbeidd gang- og sykkelveg mellom Langelandskogen/Frekhaug og Fosse/Fossesjøen.

Utbygginga i planområdet vil gje ei merkbar trafikkauke i kryss mellom fv. 564 Rosslandsvegen og fv. 245 Ådlandsvegen. I dette kryssområdet har det vore fleire ulukker gjennom åra, og farten er difor sett ned til 70 km/t. Krysset er ikkje kanalisert i dag, men i pågåande reguleringsarbeid for krysset og fv. 245, blir det sett av areal til venstresvingefelt i fv. 564, samt ei generell oppgradering av krysset. Prosjektet er prioritert i Nordhordlandpakken.

Statens vegvesen meiner at ein ikkje kan planlegge nye utbygginger langs fv. 245 Ådlandsvegen før krysset med fv. 564 er utbetra i samsvar med pågåande planarbeid for Fossekrysset. Skadepotensialet ved venstresvingulukker er høgt, og auka trafikk til/frå fv. 245 vil difor gje auka risiko for alvorlege ulukker. Etter det vi kan sjå er dette ikkje omtalt i planmaterialet, og det er ikkje gjort framlegg om avbøtande tiltak. Vi varslar motsegn til dette punktet.

Andre merknader

I plankartet er det regulert naustområde mot Krossnessundet, BUN. Det er ikkje vist tilkomst til naustområdet, men i føresegn § 4.6, punkt 4, står det at nausta skal vere tilknytt bustadene i planområdet, og det er ikkje krav om eiga parkering for nausta.

Statens vegvesen meiner tilkomst til nausta må avklarast i reguleringsplanen. Det kan ikkje påreknast tilkomst direkte frå fv. 245, og ein må leggje til grunn at all tilkomst til område BUN skal vere frå kommunal veg til Fossesjøen kai.

I føresegn § 2.11, punkt 2.a, ser det ut til å være feil i føresegna. Vi reknar med at det er fortau o_SF04-06 som skal nemnast her.

Motsegn:

Planframlegget tilfredsstillar ikkje våre interesser når det gjeld trafikktryggleik. I lys av vår rolle som fagmynde for trafikktryggleik og framkomst, ber vi om at Fylkesmannen i Vestland fremjer motsegn mot reguleringsplan for Fossesjøen. Framlegg om motsegn er knytt til rekkefølgekrav § 2.11 punkt nr. 8 om byggetrinn 1.

Statens vegvesen krevjer at rekkefølgekravet om trygt tilbod for mjuke trafikantar langs fv. 244 og utbetring av kryss mellom fv. 564 og fv. 245 skal gjelde frå første nye bustad i planområdet. Dette er i samsvar med krav i kommuneplanens arealdel. Vidare krevjer vi at ordlyden i rekkefølgekravet vert endra frå byggjeløyve til igangsetjing av tiltak i bustadområda.

Statens vegvesen Region vest
Med helsing

Nils Magne Slinde
fung. regionvegsjef

Carl-Erik Nielsen
fung. avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG